

Offentlege høyringspartar

Dykkar ref.:

Vår ref.:

5187201/-Oppstartsvarsel Malkeplassen

Dato:

2019-02-14

Varsel om oppstart av planarbeid for detaljplan Malkeplassen, gnr. 30 bnr. 5, 6 og 185, i Håradalen, Odda kommune

I medhald av plan og bygningslova, § 12-8 (oppstart av reguleringsplanarbeid) vert det med dette varsla om at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid for del av eigedom gnr. 30, bnr. 5, 6 og 185 i Håradalen i Odda kommune. Planen er vurdert til å falle innanfor virkeområdet til forskrifta om konsekvensutgreiingar. Planarbeidet fell innanfor § 8 i forskrifta, dvs at det konsekvensutgreiinga skal fylgje planframlegget, og at det ikkje er krav om planprogram,

Reguleringsplan:

Sluttresultatet av ein reguleringsplanprosess består av eit arealplankart med tilhøyrande føresegner og planskildring som styrer framtidig bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgjevnader. Ein reguleringsplan fastset framtidig arealbruk for området og er ved kommunestyret sitt vedtak bindande for nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak.

Dette varselet vert gjort for å varsle at prosessen no er starta opp, og for å gje dykk høve til å framsetje dykkar interesser i planarbeidet. Det vil på eit seinare tidspunkt verta utforma eit konkret framlegg til planprodukt som vert sendt ut på høyring.

Håradalen Utvikling AS er tiltakshavar for planarbeidet.

Norconsult AS er planfagleg konsulent, og vil stå for utarbeiding av planen.

Føremål med planarbeidet:

Føremålet med planarbeidet er å leggja til rette for utbygging av fritidsbustader samt utviding av eksisterande skianlegg. Framlegg til plan vil vera i tråd med overordna kommunedelplan, forutan etablering av 2 heistrasear og løypenedfarer. Desse vert liggande i område regulert til LNF i gjeldande kommunedelplan, og er det som utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Planområdet:

Planområdet er lokalisert ved Malkeplassen i Håradalen i Odda kommune, like sør-vest for E134, og er om lag 550 daa stort. I gjeldande kommunedelplan er området avsett til LNF, friområde, fritidsbustad, næring og vegføremål. Området framstår i dag som urørt, og består kun av nokre hytter samt eit eldre bygg knytt til tidlegare stølsdrift.

Forskrift om konsekvensutredningar for planer etter plan- og bygningsloven:



Det vert planlagt utviding av eksisterande skianlegg, med to heistrasear i det nye planområdet. Desse vil verte etablert i område regulert til LNF. Jf. *Forskrift om konsekvensutredningar* §8, er dette tiltak som krev konsekvensutgreiing (KU) dersom tiltaket kjem i konflikt med eit eller fleir av punkta i §10. Føremålet med dette er å sikra at omsyn til miljø og samfunn vert ivareteke i planarbeidet, og at det tas stilling til om, og på kva vilkår, planen kan gjennomførast. Vedlagt følgjer ei vurdering av KU, som går gjennom punkta i §10. I denne vurderinga kjem ein fram til at problemstillingar knytt til temaene landskap og naturmangfold gjer at planen er vurdert til å vera konsekvensutgreiingspliktig.

Ein foreslår å løyse dette ved å ta inn eit kapittel om KU i planskildringa, i tillegg til å lage eit notat av kvart av temaene landskap og naturmangfold. For temaet naturmangfold vil det bli utført ei kartlegging av naturtypar i området.

Vidare vil skred- og flaumfare kartleggast og omdisponering av areal drøftast som eige tema i planskildringa.

Innspel til oppstartsmeldinga:

Varsel om oppstartsvarsel med KU-vurdering vert sendt til offentleg mynde/interesseorganisasjonar og naboar som vert råka av planarbeidet, og vil bli lagt ut på Odda kommune sine heimesider, samt på Norconsult sine heimesider (<https://www.norconsult.no/aktuelt/kunngjoringer>)

Me inviterer til samarbeid og medverknad i den komande prosessen. Innspel eller merknadar som gjeld løysingar eller særskilde tema som er relevante for planarbeidet kan sendast skriftleg til:

Norconsult AS
Lægreidsvegen 2A
5783 Eidfjord
E-post: eirin.sandsta.kvale@norconsult.com

Frist for å kome med innspel til oppstart av planarbeidet og utkast til planprogram er sett til **22.03.2019**

Vidare saksgong:

Etter frist for å koma med innspel til oppstartsvarsel og planprogram er gått ut, vil sjølve planforslaget verta utarbeidd. Planarbeidet inkluderar planbeskrivelse, konsekvensutgreiing, føresegner og plankart. Dette vert sendt til Odda kommune for handsaming. Etter fyrste gongs handsaming vert planen sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i minimum seks veker. Det vil då vere mogleg å kome med merknadar til planframlegget før vidare politisk handsaming.

Med helsing
Norconsult AS


Eirin Sandstål Kvale

Vedlegg:

- Kart – Raud stipla linje syner avgrensinga av planområdet
- Vurdering etter KU-forskrifta §10 (ligg ved til dei offentlege høyringsmyndene)